



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Gøsta Hagenlund
Telefon: 57643121
E-post: fmsfgh@fylkesmannen.no

Vår dato
11.11.2011
Dykkar dato

Vår referanse
2011/4390 - 471
Dykkar referanse

Østerbø Maskin as
Østerbø
5962 BJORDAL

Bakgrunn for og forklaring til utsleppsløyve til mottak av avfall, og gebyr for sakshandsaming

Vi viser til kontroll av avfallsmottaket, skriftleg oppfølging etter kontrollen og risikovurdering av mottaket frå Norsas datert 17.12.2010. Fylkesmannen har vurdert at drift av anlegget ikkje kan kome inn under unntaksregelen i § 11-7 bokstav e), og har utarbeidd løyve etter ureiningslova for drifta av anlegget. Løyvet med vilkår vert sendt saman med dette skrevet, og dokumenta må sjåast i samanheng.

Bakgrunn og saksframstilling

Avfallsmottaket har vore drive av Østerbø Maskin as både på vegner av Høyanger kommune og i seinare tid på vegner av SIMAS iks. I avfallsforskrifta (sjå kapittel 11 om farleg avfall) er det presisert at den som faktisk driv mottaket er ansvarleg for dagleg drift. Løyve etter ureiningsregelverket vil rette seg mot "den ansvarlege". Unntaket til løyveplikt og drift etter dei standardiserte krava for kommunale mottak (omtalt i vedlegg 2 til kapittel 11), gjeld difor ikkje for private aktørar, jamvel om dei driv etter avtale og i tett samarbeid med offentleg organ.

Plikta til utsleppsløyve medfører etter vårt syn ingen faktisk endring i avtaleforholdet mellom SIMAS iks og Østerbø Maskin as. Løyveskrivet vil etter vårt syn i stor grad svare til dei standardiserte krava omtalt i vedlegg 2 til kap. 11 i avfallsforskrifta. Løyveskrivet er likevel noko utvida og betre grunngeve enn det som kjem fram i standardkrava. Såleis kan ein sjå på det som eit utvida formelt grunnlag for Østerbø Maskin as for å få fram særleg viktige miljøkrav. Østerbø Maskin as driv mottaket på vegner av SIMAS iks, og vi ventar at alle driftsforhold som har noko å seie i høve til mottaket og ytre miljø, minimum vil følge kvalitets- og internkontroll-rutinane til avfallsselskapet.

Arbeid med kontroll, nye eller endring av løyve vil utløyse gebyr i samsvar med kap. 36 i ureiningsforskrifta. Merk også at ev. krav etter kontroll – og som ikkje vert tilfredsstillande følgd opp, kan utløyse krav om tvangsmulkt (jf. ureiningslova § 73). Verksemdene bør difor vurdere sine avtaletilhøve etter presiseringane i dette løyvet og ev. nye økonomiske forhold.

Fylkesmannen sine vurderingar og grunngeving for fastsette vilkår

Fylkesmannen har vurdert anlegget å vere dimensjonert for mottak av avfall og farleg avfall for private og næringsliv med mindre mengder avfall. Løyveskrivet er tilpassa kapasiteten på anlegget. I høve til dei standardiserte krava for kommunale mottak for farleg avfall, er vilkårsteksten noko utvida og presisert. Likevel er mange krav som normalt vert gitt til firma som handterer (større mengder) avfall ikkje teke med. Dette gjeld m.a. krav til støy (og med det aktivitet ulike tider på døgnet), oppfølging av nærmiljø, finansiell garanti, rapportering, m.m.

Hovudkontor
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 65 33 02
Org.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga
Fjellvegen 11, 6800 Førde
Postboks 14, 6801 Førde
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 82 17 77

E-post:
fmsfpost@fylkesmannen.no
Internett:
www.fylkesmannen.no/sfj

Løyveskrivet har ikkje avgrensingar i kor mykje den enkelte avfallsprodusent kan levere til mottaket – innafor rammene til mottak av avfall per år. Det er likevel gitt høve for den ansvarlege å avgrense mottak – og med det kapasitetsoppbygging, i høve til produsentar av større mengder farleg avfall. Det er heller ingen avgrensingar i kven som kan levere avfall til mottaket – innafor rammene til typar som kan takast mot. Når det gjeld mottak av avfall frå private (hushaldningsavfall), pliktar ein å la SIMAS å handtere dette vidare. Det er ikkje tilsvarende høve til å setje grenser for vidare handtering av næringsavfall. Ein bør difor vere særskilt merksam på korleis ein ønskjer vidare handtering av næringsavfallet i avtalen mellom offentleg og privat part.

Løyvet set på same måte som dei standardiserte krava, plikt til å ta imot alt farleg avfall som vert definert som farleg avfall i § 11-4 i avfallsforskrifta. Merk likevel at løyvet ikkje omfattar mottak/handtering av farleg avfall som høyrer inn under ansvarsområda til andre etatar (t.d. politiet, Statens strålevern, brannvesenet eller Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap). Det er likevel ingen avgrensingar i dette løyvet mot at den ansvarlege får løyve til slik handtering frå ansvarleg styresmakt.

Krav til deklarerering for næringsavfall er absolutte og i samsvar med nasjonale krav. Deklareringa skal skje når avfallet vert levert til anlegget. *I praksis* vert likevel endeleg deklarerering og avrekningsgrunnlaget først klart etter at 2.aktør (dvs. i det vesentlege eller berre: SIMAS iks) har vurdert eller vegd avfallet frå den enkelte leverandør. Vi kan ikkje sjå at det er i strid med farleg avfall – systemet om denne klargjeringa skjer hos SIMAS iks – så lenge leverandør og Østerbø Maskin as vert sikra sin nødvendige dokumentasjon.

Konklusjon

Løyvet er utferda etter avklaring om at drifta ikkje kjem inn under unntaksregelen for dette i avfallsforskrifta. Løyveteksten er likevel lagt så nær som mogeleg formuleringane i dei standardiserte krava for kommunale avfallsmottak for farleg avfall.

Løyvedokumentet (utsleppskonsesjon) vert sendt saman med dette skrevet. Dei juridiske krava som elles ikkje går fram av lov- og forskriftsverket, eller er presisert eller innskjerpa i høve til det generelle regelverket er samla i løyvedokumentet.

Varsel om gebyr for sakshandsaminga

Fylkesmannen si handsaming av søknader om nytt eller endra utsleppsløyve er omfatta av ei gebyrordning, jf. kap. 39 i ureiningsforskrifta. Vi varslar med dette at verksemda skal betale eit gebyr på kr. 19 600,- for Fylkesmannen si handsaming av søknaden, jf. § 39-4 (lågaste sats) i ureiningsforskrifta. Dersom de ikkje har merknad til dette varselet, vil vi be Klima- og forureiningsdirektoratet sende ut faktura på vegner av Staten etter om lag tre veker frå de ha motteke dette varselet. Gebyret forfell til betaling 30 dagar etter fakturadato.

Generelle føresetnader for løyvet og informasjon om regelverket

Internkontroll

Det er ein føresetnad at verksemda har ein internkontroll som tek omsyn til verksemda sine plikter for å hindre ureining av ytre miljø, og som sikrar at verksemda oppfyller dei krava som går fram av lover, forskrifter og utsleppsløyvet.

Internkontrollforskrifta set særskilte og konkrete krav til oppgåver verksemda har, og at ein kan dokumentere oppfylling av krava i ureiningslovverket. Merk at det framleis er ei vanleg mistyding å berre omtale krav etter internkontrollforskrifta som gjeld "indre miljø" (dvs. arbeidsmiljøet) som HMS-krav (helse – miljø – sikkerheit), medan tilsvarende HMS-krav etter

internkontrollforskrifta som gjeld "ytre miljø" (ureining og avfallshandtering) vert omtala på annan måte. Vi vil såleis generelt presisere at HMS-krav etter internkontrollforskrifta gjeld fullt ut for det "ytre miljøet".

Alt arbeid etter internkontrollforskrifta byggjer på vurdering av risiko. Det er difor særskilt presisert i vilkåra at verksemda pliktar å gjennomføre ein miljørisikoanalyse. Risikoanalysen frå 17.12.2010 og annan dokumentasjon om HMS-tilhøve for ytre miljø skal gjennomgåast jamleg av verksemda.

Det følgjer også av krava i internkontrollforskrifta at verksemda må dokumentere all påverknad på miljøet. Dette må tilpassast type og omfang av ulike aktivitetar. Driftsinstruksar og driftsjournalar må difor førast for alle prosessar og aktivitetar som vil ha noko å seie for det ytre miljøet. Det må t.d. etablerast journalføring av alle avfallsstraumar og vedlikehald av utstyr. Vidare må det etablerast, vedlikehaldast og konkretiserast eigne mål for internkontrollarbeidet, dei tilsette må medverke og det må lagast og vedlikehaldast plan for kompetanseutvikling når det gjeld ytre miljø.

I tillegg til dei krava som følgjer av løyvet, pliktar verksemda å støtte alle relevante krav i ureiningslova og produktkontrolllova med forskrifter som er heimla i desse lovene. Nokre av dei mest relevante forskriftene er nemnt i løyvet. For informasjon om andre reglar som kan være aktuelle for verksemda, viser vi til www.regelhjelp.no.

Endring eller tilbakekalling av løyvet

Fylkesmannen kan gjere endringar i dette løyvet med heimel i § 18 i ureiningslova. Endringar skal vere grunna på skriftleg saksbehandling og ei forsvarleg utgreiing av saka. Ein eventuell endringssøknad må difor liggje føre i god tid før endring kan gjennomførast.

Tilsyn

Verksemda pliktar å la representantar for ureiningsstyresmaktene eller den som desse gjev fullmakt, få inspisere anlegget til ei kvar tid jf. ureiningslova kap. 7.

Tvangsmulkt, straff

Brot på løyvet er straffbart etter ureiningslova §§ 78 og 79. Også brot på krav som følgjer direkte av ureiningslova og produktkontrolllova samt forskrifter fastsett i medhald av disse lovene, er straffbart.

Ved avvik frå løyvet eller ureiningslova kan Fylkesmannen gje pålegg om igangsetjing av tiltak for å rette opp avvik, jf. ureiningslova § 7, siste ledd. Dersom pålegget ikkje vert følgt opp kan Fylkesmannen fatte vedtak om tvangsmulkt til staten jf. § 73, eller sørkje for igangsetjing av tiltak jf. ureiningslova § 74.

Erstatningsansvar

Dette løyvet frittek ikkje søkjaren for å hente inn løyve for andre sider av verksemda, som t.d. arbeidsmiljø, helse- og landbrukslovgjevinga.

At ureininga er tillete, frittek ikkje verksemda frå eventuelle erstatningsansvar for skade, ulemper eller tap som følgje av ureininga, jf. ureiningslova § 10 og kap 8 (spesielt § 56), samt grannelova §§ 6, 7 og 8.

Klagerett

Vedtaket - også plasseringa i risikoklasse, kan klagast på til Klima- og forureiningsdirektoratet av partane i saka eller andre med rettsleg klageinteresse innan 3 veker etter melding om vedtak er kome fram eller frå vedkommande fekk eller burde skaffa seg kjennskap til vedtaket. Ein eventuell klage skal oppgje nærare kva det vert klagt på og den

eller dei endringane som ein ønskjer. Klagen bør grunngjevast, og andre opplysningar som har noko å seie for saka bør nemnast. Klagen skal sendes til Fylkesmannen.

Ei eventuell klage fører ikkje automatisk til at gjennomføringa av vedtaket vert utsett. Fylkesmannen eller Klima- og forureiningsdirektoratet kan etter oppmoding eller av eige tiltak avgjere at vedtaket ikkje skal gjennomførast før klagefristen er ute eller klagen er avgjort. Avgjerda av spørsmålet om gjennomføring kan ikkje påklagast.

Med visse avgrensingar har partane rett til å sjå sakens dokumenter. Nærare opplysningar om dette kan ein få ved å vende seg til Fylkesmannen. Andre opplysningar om reglar som har noko å seie for saka vil Fylkesmannen også kunne gje på førespurnad.

Offentleggjering av løyvet

Dette er ei formalisering av eit vel etablert tilbod, og vil ikkje medføre nye utslepp eller større fare for skade eller ulempe for miljøet. Vedtaket kan difor gjerast kjent for ålmenta ved publisering på nettsidene til Østerbø Maskin as, SIMAS iks og hos Fylkesmannen. I tillegg vert løyvet lagt ut på nettstaden Miljøstatus for Sogn og Fjordane. Verksemda kan velje å kunngjere løyvet i aviser, ev. saman med annan firmainformasjon.

Med helsing

Gøsta Hagenlund
ass. fylkesmiljøvernssjef

Grete Haugan
senioringeniør

Kopi til:
SIMAS iks, Sogn interkommunale miljø- og
avfallsselskap
Høyanger kommune

Postboks 467 6853 Sogndal
postmottak@hoyanger.kommune.no